Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 43 | Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Forsand

Emne: Ting til lekjedom og vern mot sykdom | Bygdelag: Espedal

Oppskr. av: M. G. Mikkelson | Gard: Øvre Espedal

(adresse): Helle i Høgsfjord | G.nr. 48 Br.nr. 11

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1 Det må vera heilt på det reine at folk har brukt ring på fingen, men mot kva sjukdom kan eg ikkje svara på. Men det vart sagt av gamle folk, at unge gutar måtte setja ring på fingeren, for elles kunde det henda at dei kunde verta „Forgjorde" d.v.s. verta glade i „holla-gjente" (huldre-gjente). For det var som dei gamle sa: Såg holla-gjentene at guten hadde ring på fingen, so forstod dei at den guten var gift, so det var ingenting å syna seg for han.

2 Kva slags ringar det skulde vera kan eg ikkje seggja noke om, men sjølv har eg ein sovren ring, og den er av kobber. Sjølv har eg den etter far, men korleis den tidligare er komen i huset her kan eg ikkje svara på, anten det er gjenom farfar, Mikkel Guttormsen Espedal f. 1809 † 1891 eller gjenom farmor Berta Serina Knudsdtr. Haukalid f. 1817 † 1910. Eg trur at den er frå tidi før år 1800



. Inne i ringen står: „ÅKTA GIKT GJDL" og so har eg ein annan ring kor det inni står: 14K so det er nok ei gull legering og so bokstavane

9870

A ADK, so det må vera ei dotter på Kommedal og må sikkert og vera på tidi før 1800

3 Korleis nokon av desse ringarne er komne hertil kan eg som sakt ikkje svara på. Det kan mest tenkjast at den fyrste ring som er mykje sliten er av svenskt opphav, og kan kanskje setjast saman om ei gamal segn som fortel om ein svenske ~~san~~ som var her i Espedal og som dei nemnde med „Den store Gustaven". Han skulde vera av adelig byrd.

På spursmåli frå 4 til 22 kan eg ikkje svara noko på

9870

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

9870